

«Vi ønsker gjerne at du
behersker nynorsk, da stillingen
er i en nynorsk klasse.»

Stillingslysing for kontaktlærer for 1. trinn på
ein skule på Jæren i 2015

Problem ved undervisningssituasjonen i randsonene

- Lærarar som ikkje kan nynorsk
- Språkblanda klassar med bokmåselevar: bokmål blir ofte undervisningsspråk
- Nokre elevar har læremiddel på bokmål

Svak lærarkompetanse

Foreldreperspektivet 1:

«Det var nynorsk og bokmål om kvarandre i skriva som ungane som fekk. Eg kunne sjå setningar av typen «Det har vært ein fin veke».

Mor (anonymisert)

Foreldreperspektivet 2:

«På tavla føregår undervisninga
som regel på bokmål, og lærarane
skriv tilbakemeldingar til elevane
anten på bokmål eller ei hjelpelaus
blanding mellom nynorsk og
bokmål.»

Mor til elev i Hemsedal

Foreldreperspektivet 3:

«Når alt frå vekeplanar til lappar om skuleturar kjem heim fulle av skrivefeil, så gjer ikkje lærarane det språket dei skal undervise i, noka teneste.»

Mor til elev på Nordmøre som var aktiv i kampen for skifte av skulemål

Lærarperspektivet 1:

«Dersom eg hadde hatt det same forholdet til tal som norsklærarane har til rettskriving, så ...»

Realfagslærer ved ein ungdomsskule

Lærarperspektivet 2:

«Det hjelper å jobba på ein skule der majoriteten av lærarane er lokale, og nynorsk er det tydelege bruksspråket.»

Ung lærar på Stord med bokmålsbakgrunn

Universitetsperspektivet:

«Inntrykket er at
nynorskkunnskapane etter
sidemålsundervisninga blir svakare
og svakare.»

Vitskapleg tilsett på nordiskstudiet på Universitetet i Oslo

Konsekvensar av svak lærarkompetanse:

- Elevane får ein uakseptabel undervisningssituasjon
- Sjansane for skulemålsrøysting aukar
- Språkblanda klassar i barne- og ungdomsskule blir eit endå større problem
- I somme tilfelle blir bokmål brukt som administrasjonsspråk på nynorskskular

Språkblanda klassar i barneskulen

Kvifor bokmålselevar i nynorskklassar?

- Det blir ikkje oppretta parallellklassar til bokmålsopplæring
- Enkeltelevar får ta til med bokmål innanfor same klassen
- Lokale vedtak som gjev somme elevar rett til bokmålsopplæring
- Somme har lærebøker på bokmål og blir difor registrerte som bokmålselevar

Døme: Sauland skule i Hjartdal

Trinn	Bokmåselevar	Nynorskelevar
1.	2	3
2.	3	7
3	1	3
4.	2	7
5.	5	8
6.	4	7
7.	3	7

Skuleåret 2019/2020, tal frå GSI

«Nokre har sakkunnig vurdering,
nokre er framandspråklege og nokre
treng tilrettelegging på grunn av
andre særlege tilhøve.»

Kommunalsjef for opplæring i Etnedal kommune

Oppsummert inntrykk

- Bokmåselevar i klassen / på skulen svekkjer nynorsksopplæringa
- Det å kunne nynorsk er ofte ikkje ein del av yrkesstoltheita til lærarar
- Leiinga ved skulane / i kommunen ser ofte ikkje at dei har noko ansvar eller påverknad på om nynorsk eller bokmål er opplæringsspråket

Går sentrale og lokale styresmakter
saman om å skape nynorskhatarar,
når oppgåva deira er å skape
nynorskbrukarar?